

«MOTTAKERNAVN»
«ADRESSE»
«POSTNR» «POSTSTED»

Dato: 25.09.2017
Vår ref.: 2014/23741-10
Saksbehandlar: marsigu
Dykkar ref.: «REF»

«KONTAKT»

Synspunkt på eventuell nedlegging av ferjesambandet på Utbjøa, Vindafjord kommune.

Fylkesutvalet i Hordaland fylkeskommune handsama 21.09.2017 sak PS 225/2017 «Ferjeavløysingordninga – status og framdrift for ferjeavløysingsprosjekt». Det vart mellom anna fatta følgjande vedtak:

«Fylkesutvalet viser til pågåande planarbeid for Fjelbergsambandet som ferjeavløysingsprosjekt. Fylkestinget i desember 2017 vil ta stilling til om det er aktuelt å søka om ferjeavløysingsmidlar til dette prosjektet innanfor dagens ordning. Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen om å gå i dialog med Vindafjord kommune og Rogaland fylkeskommune om eventuell nedlegging av ferjesambandet til Utbjøa.»

Skal Fjelbergsambandet få ferjeavløysingsmidlar etter gjeldande ordning, må heile Fjelbergsambandet leggest ned. Dette inneber at ferjestrekningar i sambandet utanfor Kvinnherad må leggest ned, dvs. strekningane Skjersholmane – Borgundøy og Utbjøa – Sydnæs.

Hordaland fylkeskommune ber Rogaland fylkeskommune og Vindafjord kommune om å uttale seg om konsekvensen av ei eventuell nedlegging av ferjeanløpet på Utbjøa.

Fylkesrådmannen vil legge fram status for søknadsarbeidet og eit finansieringsopplegg for Fjelbergsambandet i fylkestinget i desember, og ber om at uttale vert oversendt Hordaland fylkeskommune innan 31. oktober 2017.

Ved spørsmål eller behov for ytterlegare informasjon om arbeidet med Fjelbergsambandet som ferjeavløysingsprosjekt, ta kontakt med seniorrådgjevar Bjørn Inge Midtgård, bjorn.inge.midtgard@hfk.no, tlf. 55 23 94 19.

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Marit Selberg Sigurdson
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.